

**Fra:** øyra barnehage (oyrabarnehage@gmail.com)

**Sendt:** 15.10.2020 15:31:08

**Til:** Postmottak Utdannings- og forskningskomiteen

**Kopi:** Listhaug Sylvi; Norderhus Else-May; Klinge Jenny; Emblemsvåg Marianne Synnes; Dale Jon Georg; Bjørdal Fredric Holen; Soleim Vetle Wang; Reiten Steinar

**Emne:** Skriftleg innspel til Statsbudsjette 2021

**Vedlegg:**

### **Skriftleg innspel til statsbudsjettet 2021**

Kommunene sparar milliardbeløp på at tilskota til private barnehagar er lågare enn kostnadane kommunene har på eigne barnehager.

I staden for å vurdere om pengane blir rett brukt i dei kommunale barnehagane, kjem regjeringa med framlegg om å redusere tilskotet til pensjon i private barnehagar. Dette vil forsterke forskjellsbehandlinga i sektoren.

Regjeringen legg, som ein konsekvens av pensjonskuttet, opp til å kutte rammeoverføringa til kommunene med 215 millionar. Dermed er det ikkje tatt høgde for at kommunen skal dekkje alle pensjonskostnadane i private barnehagar der kostnaden overstig sjablongen.

For oss som privat barnehage vil dette medføre store konsekvensar i ein allerede pressa kvardag. Det vil seie at vi må kutte endå meir i innkjøp til borna, til vedlikehald av hus og eigedom og til vedlikehald av uteområdet. Vi har allerede kutta mykje i kompetanseheving og kurs for personalet og vi har redusert stillinga til kjøkenhjelpa. I tillegg til dette har vi som ei følgje av koronapandemien hatt store utgifter til vikar som vi ikkje får dekka opp. Det vil føre til dårlegare vilkår både for borna, dei føresette og for dei tilsette. Som styrar i ein privat ideell (ikkje kommersiell) barnehage er det heile tida ein evig kamp og balansegang for å få budsjettet i balanse og til å innfri dei krav som vert stilt for å drifta ein godkjent barnehage. Dei åra vi har overskot må vi bruke det til å styrke eigenkapitalen for å kunne møte dei åra vi har underskot. Det blir lite rom for vedlikehald og investeringar. Mangfold er viktig og vi treng ulike aktørar som driv gode barnehagar og det greier vi ikkje når vi ikkje har forutsigbare inntekter/tilskot.

Eg fryktar at eit kutt i pensjonspåslaget vil gje born, foreldre og tilsette i private barnehagar eit dårlegare tilbod og endå dårlegare og meir uforutsigbare driftsvilkår enn vi allerede har i dag.

mvh

Anne-Grete Eiken

styrar

Øyra barnehage

Seljebakken 24

6102 Volda

tlf: 70078375 / 902 18 134